



Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:
2021/2-21

Sakshandsamar:
Rita Hansen

Dato
05.04.22

REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 4. APRIL 2022

Møtestad: Kommunehuset, Valle
Møtetidspunkt: 4. april 2022, kl 0900 – 1230
Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune
Steinar Kyrvestad, Valle kommune
Jon Rolf Næss, Bykle kommune
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune
Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)

Sak	Merknad	Ansvar /frist
1 - Godkjenning av referat frå førre møte Referat godkjent. Førebels held ein fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida , og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga.		
2 – Teams-møte med Gro-Anita Mykjåland Var planlagd teams-møte kl 0900-0930. Grunna forsinka tog kunne ikkje Gro-Anita delta og møtet blei utsatt. Rita finner nytt tidspunkt kor flest mogeleg har anledning til å delta.		
3 – Leiars hjørne Oppfølging - planlegging av Oslo-tur(ar) våren 2022 Hovudfokus er aktuelle tema i Hurdalsplattformen samt ny distriktsmelding. Steinar er i dialog med Gro Anita Mykjåland og Tellef Inge Mørland. Svein Arne, Steinar, Sigbjørn og Rita reiser 28. april. Ein arbeidar vidare med dato for en dagstur til, einighet om 13. eller 14. juni, som passar for alle. Forutan punktane i Hurdalsplattformen kan gjerne		

<p>problemstillingar knyta til pumpekraftverk og økonomiske konsekvensar for kommunane osv takast opp.</p> <p>Møte med kommunedirektørutvalet 16. mai</p> <p>Einige i førre møte om å invitere kommunedirektørutvalet til mai-møtet. Tidsramma blir kl 0900 – 1100, og møtet skal vere i Bygland. Tema dialog om roller og funksjon, knyta opp til samarbeidsavtalen. Sigbjørn, John Salve og Rita tar eit møte i forkant, Rita inviterer.</p> <p>Setesdalsambassadør – kriterier?</p> <p>Fått spørsmål kring kriterier for utnemning til Setesdalsambassadør. Rita sjekker opp.</p>		
<p>4 - Førespurnad frå hotellnettverket vdr bedriftsbesøk</p> <p>Ordførarutvalet fått førespurnad frå hotellnettverket om å leggja eit bedriftsbesøk til ein av hotella og samstundes møte sjølve nettverket. Flott initiativ, og einige om å sette dette opp i augustmøtet. Rita melder tilbake til hotellnettverket.</p>	Sjå e-post	
<p>5 - Invitasjon til dialogmøte med hovudutval for utdanning og kompetanse, Agder fylkeskommune</p> <p>Dei 4 regionråda på Agder er invitert til dialogmøte med utvalet 21. april. Tema tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring. Politisk leiing på Agder er då bortreist med ordførarkollegiet i regi av KS. Rita melder tilbake og ber om ny dato.</p>	Sjå vedlegg	
<p>6 - Regional plan Setesdal</p> <p>Kort evaluering av dialogmøte – regional plan for Setesda 23. marsl. Var en god arena for dialog og informasjonsutveksling. Bra at politisk leiing i Lister IPR deltok. Rita tar et eiga møte med dagleg leiar i Lister IPR får å høre meir om deira rigging av styringsgruppe.</p>		
<p>7 – Dagleg leiars hjørne</p> <p>Desentralisert barnehagelærarutdanning – arbeider med finansiering, Felles søknad frå Østre Agder, Lister og Setesdal sendt til fylkeskommunen. Søknaden er no ferdig handsama politisk og er delvis imøtekommen. Dialog med statsforvaltaren om mogeleg restfinansiering.</p> <p>Førebels låge søkjartall, marknadsføringstiltak intensivert. Neste desentraliserte studietilbod vart sannsynlegvis vernepleiar.</p> <p>Tilsettingsprosess rådgjevar kompetanse snart ferdig, bereknar tilsetting ila nokre dagar.</p>		
<p>8 - Eventuelt</p> <p>Samtale kring kommande val i LVK.</p> <p>Neste ordinære møte og bedriftsbesøk: 16. mai i Bygland.</p>		

Møtet vart avrunda med bedriftsbesøk til Setesdal folkehøgskule:		
------------------------------------------------------------------	--	--

<https://setesdalfhs.no/>

Sigbjørn opplys at Setesdølen får særskild invitasjon til kvart bedriftsbesøk.

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar